

## Hallgeir Elstad



50 år

Sivilstatus: Gift

Nåværende stilling: Prodekan og forskingsdekan, professor i norsk kyrkjarahistorie ved Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo.

### Utdanning:

- 2004 Historie storfag, HiVolda
- 2003 Historie mellomfag, HiVolda
- 2003 Historie grunnfag, Høgskulen i Volda (HiVolda)
- 2000 Universitetspedagogikk, UiO
- 1998 Dr. theol., TF
- 1992 Nyare gotisk paleografi, UiO
- 1990 Praktisk-teologisk eksamen, Det praktisk-teologiske seminar (PTS)
- 1990 Cand. theol., Det teologiske fakultet (TF), Universitetet i Oslo (UiO)
- 1984 Examen philosophicum, Universitetet i Tromsø (UiT)
- 1983 Allmennfagleg studieretning, samfunnsfagleg linje, Vestvågøy vidaregåande skule.

Ordinert til presteteneste 23. desember 1990 i Borge kyrkje, Lofoten, av biskop Frederik Grønningseter.

### Arbeidspraksis:

- 2009-d.d. Professor i norsk kyrkjarahistorie, TF
- 2011-2014 Professor II, UiT
- 2006-2009 Førsteamanuensis, TF
- 2005-2006 Førstelektor, TF
- 2004-2005 Rektor ved Kirkelig utdanningscenter i nord, Tromsø (KUN)

2003-2004 Førstelektor, TF  
2003 Dagleg leiar, Studieprogram for religionsstudier, UiO  
2001-2004 Prosjektleiar for vidareutdanningsprosjektet "Liturgi og kvardagsliv" for prestar i Hamar bispedømme, PTS  
1999-2003 Førstelektor/prosjektleiar, TF  
1998-1999 Førsteamanuensis, TF  
1997 Engasjement ved PTS  
1995-1997 Stipendiat, NFR og TF  
1994-1995 Amanuensis (vikar), TF  
1992-1994 Stipendiat i kyrkjehistorie, Noregs Forskingsråd (NFR)  
1983 Lærarvikar (styrar) ved Nusfjord skule, Flakstad i Lofoten

#### Presteteneste:

1991-d.d. Vikarprest gjennom åra i Nedre Romerike, Øvre Romerike, Østre Romerike, Nordre Gudbrandsdal, Nordre Sunnmøre, Lofoten prosti

1991 Feltprest ved IØ-1 Sessvollmoen, Akershus

1988, 1990 Prestevikar, Lofoten prosti og Nedre Romerike prosti

Eg har teke del i lokalt kyrkjelydsarbeid gjennom mange år i Skedsmo og i Skjåk. I Skedsmo, der kona mi var residerande kapellan i 12 år, var eg med å byggje opp eit kyrkjelydsarbeid i eit nyetablert bustadfelt, mellom anna med sundagsskule og gudstenester.

#### Ledererfaring:

Eg har leiarrøynsle i ulike samanhengar. Eg har ein periode vore rektor ved Kirkelig utdanningssenter i nord, har vore leiar for profesjonsutdanninga i teologi ved TF frå 2005-2012 og sidan 2012 vore med i leiinga ved TF som prodekan og studiedekan, frå 1. april 2015 som prodekan og forskingsdekan.

Som prodekan er eg nestleiar i fakultetet, og som studiedekan har eg hatt det overordna ansvaret for all undervisning, etter- og vidareutdanning ved fakultetet.

Studieleiar for Kristendom grunn- og mellomfag, TF 2000-2003

Programleiar for Bachelorprogrammet teologi og kristendomsstudiar ved TF 2003-2004

Studieleiar ved TF hausten 2006

Leiar for Kompetanserådet i Den norske kyrkja 2012-2014

Nestleiar i fakultetsstyret ved TF frå 2012

Nestleiar i styret for Det praktisk-teologiske seminar frå 2015

Leiar for Oppvekst- og omsorgsutvalet i Skjåk kommune 2003-2006

### Prosjekter:

Det protestantiske minnets tvetydighet i Norden (MEMORY), prosjekt støtta av Norges forskingsråd, 2014-2018.

Unpacing the Nordic Model (samarbeidsprosjekt UiO)

Nordnorsk religionshistorie (samarbeidsprosjekt UiT og kyrkja), frå 2012

Network on Teaching Religion in a multicultural European Society (TRES), undergruppe: Religion and Conflict., der eg medverka med ein artikkel om den norske kvinneprestebatten i boka *Religion and Conflict. Essays on the Origins of Religious and Resolution Approaches*. (2011)

Church, State and Ecclesiastical Reform in Northern Europe 1780-1920 (Nord-europeisk samarbeidsprosjekt).

Samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Oslo og Universitetet i Agder: *Norsk teologi i endring i det 20. århundre*, der eg var prosjektleiar 2007-2010. Prosjektet resulterte mellom anna i antologien *Teologi og modernitet* (2011), som eg redigerte saman med Tarald Rasmussen.

Samarbeidsprosjekt mellom skandinaviske og britiske kyrkjehistorikarar *Church and People in Britain and Scandinavia*. (1995)

I 1992 vart eg knytt til "Østfoldprosjektet" som hadde som føremål å arbeide ut ein historisk kyrkjegeografi for Østfold i perioden 1800-1920. Deltakinga mi i prosjektet munna ut i doktorgradsavhandlinga "*...en Kraft og et Salt i Menigheden*". Ein studie av presteskapet i Norge i siste halvpart av 1800-talet, dei såkalla "johnsonske prestane. Universitetet i Oslo 1997.

### Tillitsverv – engasjement:

Medlem av Skedsmo sokneråd 1993-1997.

Medlem styret for Kyrkjeleg utdanningscenter i nord 2004-2005, varamedlem frå 2015

Medlem styret for Det praktisk-teologiske seminaret 2004-2005 og frå 2012

Medlem av Studieutvalet ved TF 2005-2009

Medlem i Fakultetsstyret ved TF frå 2012,

Vararepresentant i Sørums kommunestyre frå 2011 ( fast medlem 2015).

Medlem Norsk Historisk Forening frå 2007

Medlem Norsk Faglitterær forfatter- og oversetterforening frå 2006

Medlem Kirkehistorisk samfunn frå 1998

Innvald i Skjåk kommunestyre 2003

Leiar Oppvekst- og omsorgsutvalet, Skjåk kommune 2003-2006

Vararepresentant til Skjåk formannskap 2003-2006

Innvald i Vestvågøy kommunestyre 1983

Vararepresentant til Vestvågøy formannskap 1987-1989

### Publikasjoner:

Av publikasjonar er registrert over 200 vitenskaplege og formidling, i den vitenskaplege registreringsportalen Cristin. Hovudvekta ligg på arbeid i norsk kyrkjeehistorie i det 19. og 20. hundreåret. Eg har fleire arbeid med tema for nordnorsk kyrkjeehistorie. Eg har òg teke del i med kronikkar og innlegg i dagspressa.

Det er ikkje sakssvarande å leggje ved ei fullstendig publiseringsliste her. Sjå lenkje til Cristin for oversikt:

<http://www.cristin.no/as/WebObjects/cristin.woa/wa/fres?action=sok&etternavn=Elstad&fornavn=Hallgeir&erNorsk=1&erNordisk=1&erNasjonalt=1&erInternasjonalt=1&erUkjent=1&visParametre=1&bs=50>

### Internasjonal og økumenisk erfaring:

Eg er medlem av Teologisk Nemnd under Mellomkyrkjeleg råd i inneverande periode med kjennskap til økumeniske spørsmål og saker.

Eg har teke del i fleire internasjonale forskingsprosjekt, slik eg har gjort greie for ovanfor. Eg har teke del i ulike typar faglege og kyrkjelege seminar, mest i Norden.

### Annet:

Eg vil nemne at eg har vore med å gjeve vidareutdanning til prestar i Den norske kyrkje. Mellom anna har eg vore fagleg vegleiar for oppgåver innanfor AVU-kurs, og er eg no fagleg leiar for kurs i pastoral leiarutvikling retta mot sokneprestar. Fleire gonger har eg undervist på kurset Prest og teolog i praksis, no sist denne våren.

## Spørsmål til kandidatene

### 1. Hva er etter din oppfatning biskopens viktigste oppgaver?

Den viktigaste oppgåva for biskopen er å utøve ein åndeleg leiarfunksjon. Den sentrale delen av denne leiarfunksjonen er tilsynstenesta. Biskopen skal føre tilsyn med kyrkjelydane og forvaltinga av nådemidla. Eit viktig instrument for biskopens tilsyn, men ikkje det einaste, er bispevisitasane. Biskopen skal støtte, motivere og rettleie, og gjennom det skape medarbeidarskap i bispedømmet. Alle medarbeidarar, kyrkjelydar og tilsette, må inspirerast og motiverast til å stå saman i eit forplikande samverke.

Bispetenesta blir gjerne forstått som einskapen si teneste. I dette ligg det er ei særleg oppgåve for biskopen å medverke til å sikre einskapsbandet i kyrkja. Eg ser det som viktig å arbeide for det som bind saman, og samstundes kunne ivareta eit åndeleg og

teologisk mangfald. Ei kyrkje som kallar seg folkekyrkje må ha rom for eit levande mangfald.

I tillegg til den "indre" sida av biskopen si teneste, vil eg streke under at denne tenesta òg har ei "ytre" side. Eg ser det som ei viktig oppgåve for biskopen i ulike samanhengar å medverke til å synleggjere kyrkja i samfunnet. Kyrkja sin plass i det offentlege rommet er ikkje utan vidare sjølvsgagt. Ein må i aukande grad konkurrere om merksemda. Det må vere ei oppgåve for biskopen å vere ei tydeleg kyrkjeleg røyst i ålmenta.

2. Hva er kirkens hovedutfordringer i dag, og i tiden framover, slik du ser det?

Det sentrale oppdraget til kyrkja er å forkynne evangeliet om Jesus Kristus til nye menneske og generasjonar. Det stadige utfordringa er å vere tru mot dette oppdraget under skiftande tider og vilkår. Dette krev vilje og evne til fornying. Kyrkja blir berre opplevd som relevant om ho er i stand til å lytte seg inn til og å tolke samtidas menneske si livskjensle. Samstundes er det i ein tradisjonsorientert institusjon som Den norske kyrkja viktig å finne ein fruktbar balanse mellom kontinuitet og fornying.

Den norske kyrkja er inne i omfattande endringsprosessar knytt til store reformer. Mykje i desse prosessane er framleis ikkje avklara. Kyrkja må finne sin veg i eit endra landskap. Eg ser det som ei utfordring å få til gode ordningar for kyrkjelydar og tilsette. Den norske kyrkja små sikrast om ei landsdekkjande folkekyrkje også for framtida.

Feltet religion er i endring i Noreg. Det religiøse mangfaldet er aukande. Med stadig større rett kan vi snakke om ein religiøs marknad der tilboda er mange. Religionsmangfaldet medverkar til å endre vilkåra for Den norske kyrkja. Ikkje minst utfordrar det til dialog over trus- og livssynsgrensene. Samstundes som religionsmangfaldet aukar, blir kyrkja utfordra av ein framveksande sekulær kultur, som stiller spørsmålet om tru overhovudet er mogleg. Menneskelivet blir sett på som sjølvtilstrekkeleg. Gud er ikkje naudsynt for å skape meining i tilveret. At kristen tru på denne måten ikkje er eit sjølvsgagt val, utfordrar det den kyrkjelege verksemda. Kyrkja kan ikkje i same grad som tidlegare stole på tradisjon og felles åtferd frå befolkninga si side. Vi kan sjå tendensar til det eg vil kalle religiøs forvitring, noko den generelle nedgangen i dåpstala kan tolkast som uttrykk for. Kyrkja treng å arbeide målmedviten med denne problematikken i tida som kjem.

Endeleg vil eg peike på rekrutteringsutfordringa når det gjeld kyrkjelege stillingar. Dette må ha ei sentralt fokus for Sør-Hålogaland bispedømme og for Den norske kyrkja som heilskap. Det må arbeidast på brei front med å motivere unge menneske for kyrkjeleg teneste – lokalt, regionalt og nasjonal. Folkekyrkja si framtid er avhengig av at vi lukkast med å rekruttere breitt. Samarbeid med utdanningsinstitusjonane er viktig.

3. Hva vil du legge mest vekt på for å ivareta biskopens rolle som kirkelig leder med tilsynsansvar i bispedømmet?

Godt leiarskap blir utøvd i samspel med andre. For meg er leiarskap først og fremst medarbeidarskap. Saman utviklar tilsette og frivillige Den norske kyrkja. I den formelle leiarfunksjonen til biskopen vil bispedministrasjonen vere ein viktig del. Eg legg vekt på ein effektiv og profesjonell bispedministrasjon til beste for kyrkjelydar og tilsette. Prostane har fått meir omfattande leiaroppgåver som følgje av prostereforma. Eg ser prostane som eit viktig leiarteam i bispedømmet saman med biskopen. Sokneprestane har eit åndeleg leiarsvar i kyrkjelydane. Det er viktig at dei tek dette leiarskapet, samstundes som dei må vere medvitne om at dei ikkje er åleine om å leie i lokalkyrkjelyden. Samarbeidsrelasjonen til kyrkjeverje, Fellesråd og kommune meiner eg treng fokus. Eg vil ha merksemd på god samhandling mellom ulike nivå og linjer i den kyrkjelege strukturen i bispedømmet.

4. Hva er kjernen i din forkynnelse?

Kyrkja er eit fellesskap av menneske, som er bundne saman i trua på Kristus. Difor er det for meg viktig å forkynne Kristus. Det som konstituerer kyrkja er at Kristus er til stades i Ordet og sakramenta. Og eg legg vekt på å forkynne til menneska, inn i livet deira. Aktualisering av bodskapen er viktig. Det er naudsynt å kome ut av bibelteksten og inn til menneska: kva kan dette ha å seie for deg og meg – no? Menneskelivet i seg sjølv har kristen relevans, fordi det er skapt av Gud, i Guds bilete. Dermed har forkynninga mi òg eit skapingsteologisk fokus.

5. Hvilke visjoner har du for Sør-Hålogaland bispedømme og Den norske kirke framover?

Sør-Hålogaland er eit bispedømme der folkekyrkja står sterkt. Folket er glad i den lokale kyrkja si. Den kyrkjelege medlemsprosenten er blant dei høgste i landet, og det er stor oppslutnad om dei kyrkjelege handlingane. Kyrkja i Sør-Hålogaland er integrert i samfunn, kultur og natur. Eg kjenner meg godt att i bispedømmets eigen visjon: "Folkekirka i Sør-Hålogaland - ei åpen dør i tro, håp og kjærlighet".

Eg har ein visjon om å utdjupe og utvikle dei viktige folkekyrkjelege tradisjonane i Sør-Hålogaland vidare. Eg ønskjer å gjere bispedømmet til eit senter for folkekyrkjetenking og praksis i Den norske kyrkja. I kvar kyrkjelyd i bispedømmet må det arbeidast med å finne ut kva det vil seie å vere folkekyrkje "på vorres sted". Korleis integrere lokal kultur, tradisjon og historie i kyrkjelydslivet? Petter Dass og Elias Blix vil naturleg vere to sentrale namn som må inngå. Moglegheitene er mange. Tema som miljø og økologi er dessutan viktig å adressere. Kva rolle spelar den nordnorske naturen for folkekyrkja? Eit slik arbeid vil krevje kompetanseutvikling med satsing på etter- og vidareutdanning for kyrkjeleg tilsette.

Som ledd i denne folkekyrkjelege strategien vil eg leggje vekt på å utvikle kyrkja sin relasjon til samfunnet, mellom anna gjennom å skape kanalar og nettverk til sentrale samfunnsaktørar. Det vil vere føremålstenleg å ha kontaktpunkt med politiske miljø og folkevalde.

6. Hva vil være ditt særlige bidrag inn i bispetjenesten i Sør-Hålogaland bispedømme?

Eg trur eg med bakgrunnen min frå bispedømmet kan gje eit positivt bidrag inn i bispetenesta i Sør-Hålogaland og medverke til forståing og kommunikasjon. Dessutan

trur eg bakgrunnen frå universitetet medverke positive og utnytte viktig nettverk med tanke på kompetanseutvikling i bispedømmet. Eg har ein samverkande og inkluderande leiarsstil som inneber vilje og evne til å arbeide i team. Eg har leiarrøynsle frå Noregs største universitet, som eg meiner vil vere nyttig i bispetenesta i Sør-Hålogaland.

7. Hva kan du med din kompetanse tilføre bispekollegiet og bispemøtet?

Mesteparten av yrkeslivet mitt så langt har eg vore tilsett ved Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo. Dette er det einaste teologiske fakultet ved eit norsk universitet. Arbeidet her har gjeve ein viktig kompetanse når det gjeld det tverrfaglege perspektivet, som eg tenkjer vil vere nyttig inn i bispekollegiet og bispemøtet. Kyrkja treng å vere i dialog med ulike fagperspektiv og fagtradisjonar, og har meiner eg at eg kan gje eit positivt bidrag.

Fagleg har eg arbeidd innanfor eit område som eg meiner er svært relevant for ein biskop, nemleg i kyrkjarahistorie om presteskap, om kyrkjeliv, om kyrkja sin plass i samfunnet. Eg tenkjer at eg kan vere med å styrkje den faglege kompetansen i bispekollegiet. Eg har leiarrøynsle frå ein stor offentleg institusjon som Universitetet i Oslo og har òg arbeidsgjevarrøynsle.

8. Hvordan vil du som biskop i Sør-Hålogaland bispedømme ivareta det teologiske mangfoldet i bispedømmet?

Sør-Hålogaland er eit mangfaldig bispedømme. Det er tydeleg når det gjeld den storslåtte naturen, men òg kultur, tru og trusliv. Å vere folkekyrkje handlar mellom anna om at vi som kyrkje evnar å ta vare på det teologiske mangfoldet som pregar Den norske kyrkja. For meg er kyrkje ikkje eit meningsfellesskap, men eit fellesskap av menneske som er gripne av Kristus. Dette Kristusfellesskapet har gjennom heile si historie vore ein mangfaldig storleik – det er berre å sjå på disippelflokken! Eg legg vekt på at ulike menneske med ulik teologisk ståstad må kunne kjenne seg heime i kyrkja. Til det treng vi opne dørar og at det er høgt under taket. Som biskop vil eg sjå det som ei sentral oppgåve å stø opp om eit kyrkjeleg og teologisk mangfoldet. Det krev evne til å lytte – også til dei som eg er usamd med. Dette føreset vilje og evne til samhandling og dialog.

9. Beskriv kort din teologiske profil og ditt ståsted i Den norske kirke.

Eg vil karakterisere min teologiske profil som brei folkekyrkjeleg. For meg er det teologiske mangfoldet i Den norske kyrkja ein positiv verdi. Eg ønskjer å utdjupe og vidareutvikla kyrkja som ei open og inkluderande folkekyrkje.

10. Hvordan er din kjennskap til landsdelen?

Dette er "min" landsdel. Eg er fødd og oppvaksen på yttersida i Borge i Vestvågøy i Lofoten. Så langt det har vore mogleg å spore slekta mi attende i tid, går røtene attende hit. Identiteten min er nordlandsk, sjølv om det etter kvart har vorte mange år sørpå. Det er noko særeige med det nordnorske lynnet – og humoren. Med tida har eg vorte meir nordnoreg-patriot.

Eg vil elles nemne at eg har yrkesmessig bakgrunn i landsdelen. Dette gjeld som vikarprest i Lofoten gjennom ei rekkje somrar, som rektor ved Kirkelig utdanningscenter i nord og som professor II ved Universitetet i Tromsø (Institutt for historie og religionsvitenskap). Dessutan har eg arbeidd med tema frå landsdelen i fagleg samanheng. Som professor II har eg vore med å arbeidd for å realisere ei samla framstilling av nordnorsk religionshistorie frå førkristen tid og fram til i dag.

11. Samisk språk og kultur er en del av Sør-Hålogaland bispedømme. Hvilke tanker gjør du deg om dette?

Eg meiner det er viktig å ivareta samisk språk og kultur i Den norske kyrkja. Samane er Noregs urfolk, og samisk språk, verdiar og trusliv skal ha ein naturleg og likeverdig plass i kyrkja. Eg vil leggje vekt på å samarbeide med samiske miljø i bispedømmet, og er oppteken av å rekruttere samisk ungdom til kyrkjeleg teneste.